



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marianne Svege, 5557 2255

Vår dato
09.02.2016
Dykkar dato
«REFDATA»

Vår referanse
2016/600 363.3
Dykkar referanse
«REF»

Kommunane i Hordaland

Skjønsmidlar til prosjekt om busetting av flyktningar i 2016

Fylkesmannen inviterer kommunane i Hordaland til å søke skjønstillskot til prosjekt om busetting av flyktningar for 2016. Det ordinære skjønstillskotet er ein del av rammetilskotet til kommunane som Fylkesmannen fordelar.

Bakgrunn for å prioritere bersetting av flyktningar

Fylkesmannen i Hordaland gjennomfører i 2015 og 2016 eit prosjekt som har mål om auka og raskare bersetting av flyktningar i fylket. Det var på oppdrag frå Barne-, likestillings- og integreringsdepartementet (BLD), og no Justis- og beredskapsdepartementet.

Fylkesmannen skal bidra til at kommunane i Hordaland stiller nok bersettingsplassar til disposisjon for å busette det dei flyktningane som det er trond for. Fylkesmannen skal og bidra til utviklingsarbeid i kommunane for å styrke innsatsen når det gjeld kvalifisering og integrering.

Hausten 2015 var prega av flyktningesituasjonen både i Europa og i Noreg. Den store straumen av flyktningar til landet har stilt store krav til samordning og gode løysingar. Behovet for kommunar som kan busette flyktningar er stort, og det er ein særstak auke i talet einslege barn og unge under 18 år som skal busettast i 2016. Skjønsmidlane skal bidra til at kommunane kan finne nye og gode lokale løysingar når det gjeld bersetting av flyktningar.

Føremål med skjønnsmidlane

Retningslinene for skjønstillskot er frå og med 2015 i stor grad forenkla samanlikna med tidlegare år. Det er gjort for at føremålet med skjønsmidlane skal kome klårt fram, dvs. seie å fange opp lokale økonomiske utfordringar som ikkje er tatt godt nok i vare i inntektssystemet eller gjennom andre faste tilskotsordningar. Departementet ynskjer at Fylkesmennene skal kunne prioritere skjønsmidlane i samsvar med lokale tilhøve og behov i kommunane, også til behov som oppstår i løpet av budsjettåret.

Kommunar må i søknader om prosjekt syne til ein realistisk prosjektplan. Det må bli vist til klåre målsetjingar med prosjektet og val av løysingar som skal bli prøvd ut i prosjektet.

Det blir ikkje gitt tilskot til utføring av kommunale drifts- og investeringsoppgåver eller prosjekt som er ein del av det ordinære kommunale utviklingsarbeidet.

Prioriterte prosjekt

Eit viktig føremål med skjønstillskot til prosjekt om busetting av flyktingar er å gi kommunane hove til å prøve ut nye løysingar. Prosjekta kan omfatte alle tenesteområda i kommunen.

Søknadar om midlar til følgjande tiltak/mål vil bli prioritert:

- Prosjekt som bidreg til å styrke innsatsen når det gjeld busetting og integrering av einslege mindreårige flyktingar
- Prosjekt i kommunane som kan auke talet busettingsplassar og styrke innsatsen når det gjeld busetting, kvalifisering og integrering av flyktingar

Satsingsområda er formulerte generelt for at kommunane skal ha fridom til å kunne søke ut i frå lokale behov.

Integrering og mangfalldirektoratet (IMDi) forvaltar tilskotsordninga med utviklingsmidlar til kommunale innvandartiltak. Fylkesmannen og IMDi samarbeider i vurderinga av søknadar, slik at gode søknadar som ikkje oppfyller IMDi sine krav, likevel kan vere aktuelle for skjønsmidlar frå Fylkesmannen.

Kommunal forankring og ansvar

Prosjektsøknaden må vere forankra i politisk og administrativ leiing i kommunen. Søknaden må vere signert av rådmann og/eller ordfører.

Det er ein føresetnad at kommunane deltek med ein eigeninnsats. Det er lagt til grunn i retningslinene frå departementet. Eigeninnsatsen frå kommunen kan vere både midlar og arbeidsinnsats. Som hovudregel skal ikkje skjønsmidlane frå Fylkesmannen utgjere meir enn 50 prosent av kostnadane til prosjektet.

Kommunane må sende ein sluttrapport etter at prosjektet er ferdigstilt.

Søknadsfrist

Søknad om prosjektmidlar må vere Fylkesmannen i hende innan 1. april 2016.

Mal for søknad ligg på Fylkesmannen sine heimesider. Kommunane må skrive søknaden etter denne malen.

Kontaktpersonar

Kontaktperson for Fylkesmannen sitt busettingsprosjekt er Marianne Svege (fmhomsv@fylkesmannen.no).

Med helsing

Rune Fjeld

Marianne Svege

assisterande fylkesmann

seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.